



Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2018

Innhald

Saksopplysningar:.....	2
Samandrag.....	2
2.1. Elevar og undervisningspersonale.....	3
Elevtal fordelt på skular.....	4
Læringsmiljø 7. trinn og 10. trinn	4
Elevundersøkinga 2018	5
Resultat.....	6
Nasjonale prøvar 5. <i>trinn</i>	6
Nasjonale prøver ungdomstrinn.....	9
Nasjonale prøvar 9. trinn.....	9
Grunnskulepoeng	13
Målsetjingar for det vidare arbeidet	14
Gjennomføring vidaregåande opplæring	14
Tidleg innsats.....	14
Spesialundervisning.....	15
Skulefritidsordning – tal elevar	15
Vidareutdanning for lærar.....	15
Vaksenopplæringa.....	15
Tilsyn:.....	16
Avslutningsord:.....	17

Saksopplysningar:

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte. Rapporten om tilstanden i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd).

Bakgrunn

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytte til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr 31 (2007-2008). Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa sett opp indikatorar som skal gi grunnlag for å vurdere kor langt skuleeigaren er komen i å nå måla.

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skuleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten.no som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skuleeigaren si vurdering av tilstanden, men det følgjer av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skuleeigarar og skular blir oppmoda til å føre opp konkrete målsetjingar for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp.

Alle data som er presentert i rapporten er henta frå skoleporten.no. Data som er henta her er berre tilgjengeleg på bokmål og vert difor presentert slik.

Samandrag

Kvalitet i opplæringa kan vere mange faktorar. Noko kan vi telje som karakterar, resultat på nasjonale prøvar og grunnskulepoeng. Andre kvalitetar kan vi ikkje måle på same måte, som elevane si danning og korleis dei har det med seg sjølv. Derfor er det viktig med både teljingar og forteljingar om opplæringa.

I Radøy er det ved årsskiftet i underkant av 600 elevar fordelt på 10. trinn. Det er viktig for eleven, foreldra, kommunen og samfunnet at elevane lærer mest mogleg, slik at dei kan lukkast vidare i livet. For at skulen skal lukkast med samfunnsoppdraget treng vi at alle støttar skulen i dette arbeidet. Det kan vi gjera gjennom dialog, samarbeid og tydelege forventningar.

Dei siste åra har det vore eit enormt fokus på læringsmiljø og mobbing i skulen. Skulane har målretta arbeid med dette og vi ser allereie resultat av det arbeidet. Dette arbeidet er ein viktig grunnstein i læringsarbeidet. Ein elev som vert mobba er ein elev for mykje. Det er særst positivt at ein ser framgang og positive resultat på fleire indikatorar for læringsmiljøet og alle skulane skårar på nasjonalt snitt eller betre på indikatoren for mobbing.

Vidare er det viktig at ein ser på tendensane i elevundersøkinga. Det er positivt at 10. trinn har

framgang på meir enn eit standardavvik på 5 av indikatorane. På barnetrinnet ser vi at resultatane også er gode.

Generelt kan vi framleis sei at for mange elevar lærer for lite i skulen, sjølv om vi ser framgang. Det er ein tydeleg tendens at lesekompetansen er eit av dei områda som må arbeidast systematisk vidare med. Vi ser svak framgang. Det er ei målsetjing at elevane i Radøy-skulen bør vera på nasjonalt snitt i lesing, rekning og engelsk. Vi ser klar framgang i 5. trinn. På 8. trinn er det god framgang på lesing, medan det er tilbakegang i rekning. Vi kan vidare gle oss over god framgang for elevane på 9. trinn, sjølv om vi skulle sett at lese- og reknekompetansen totalt var høgare. Vi ser i dag at det framleis er ein del igjen før vi når målsetjingane våre, men vi er på rett veg, noko som motiverer både tilsette og foreldre til å støtte skulen med forventning både til elev, føresette og skule. For å lukkast må alle aktørane dra i same retning.

Kor stort fråfall kommunen har i vidaregåande skule har vi statistikk på. Generelt ser vi ein nedgang i elevar som sluttar på Austrheim – og Knarvik vidaregåande skule over dei siste 4 -5 åra, sjølv om det er auke siste skuleår med 0,3%. Vi har diverre ikkje fått nokon oppdatert statistikk på dette frå fylkeskommunen dette året grunna fylkessamanslåinga.

Dei siste åra har kommunen fått midlar til tidleg innsats. Desse midlane vert brukt til å styrkje begynnaropplæringa frå 1. -4. trinn. Målsetjinga er å løfte elevane til eit nivå innan lesing tidleg, og seinare førebyggje spesialundervisning. Kommunen nyttar midlane etter intensjonen og ventar at det vil vise på resultatane om nokre år.

Det er eit aukande tal elevar som mottok spesialundervisning i Radøy kommune. Det er viktig at elevar får den hjelpa dei treng samtidig som ein på skulenivå ser etter effektive måtar å hjelpe elevane på, slik at eleven får best mogeleg progresjon i læringsarbeidet. Det vil vere eit mål å redusere talet elevar som tek i mot spesialundervisning og heller støtta elevane med tilpassa undervisning.

Dei siste åra har eit aukande tal vaksne fått opplæring på vaksenopplæringa. Denne er samlokalisert med dei andre Nordhordlandskommunane i Knarvik og Lindås kommune er vertskommune. Etter flyktningebølga i 2016 har dette tilbodet vore brukt godt. Her vert gitt tilbod både som grunnskuleopplæring for vaksne og norsk og samfunnsfag for innvandrarakar.

2.1. Elevar og undervisningspersonale

Undervisningspersonell					
Enhet: Radøy kommune					
Indikator og nøkkeltall	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Årsverk for undervisningspersonale	61,8	57,5	56,2	57,3	60,6
Antall elevar per årsverk til undervisning	11,3	12,4	12,7	12,1	10,9
Antall assistentårsverk i undervisningen	11	10	12	14	14
Antall elevar per assistentårsverk i undervisningen	55,2	63,7	52,9	43,9	41,7

Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	18,3	17,0	21,3	24,6	23,6
Lærertetthet 1.-7. trinn	12,5	13,1	12,8	12,0	10,6
Lærertetthet 8.-10. trinn	12,5	14,7	16,4	16,5	15,7
Lærertetthet i ordinær undervisning	15,6	17,0	17,4	16,5	16,5
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	99,4	99,5	96,8	93,3	94,4
Lærertimer som gis til undervisning	39 086	35 782	35 601	36 604	39 125
Undervisningstimer totalt per elev	63	57	56	59	65

Tab1: Elev og undervisningspersonale

Elevtal fordelt på skular

Elevlar, lærarar, skular						
Radøy kommune						
Indikator og nøkkeltall	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018 - 2019
Talet på elevar	625	624	634	620	598	584
Talet på skolar	5	5	5	5	5	
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	40	40	37	39	41	41
Talet på lærarar	71	70	67	71	75	75
	Austebygd skule	Sæbø skule	Hordabø Skule	Manger skule	Radøy ungdomsskule	
Elevtal pr 1.1.18	45	92	99	172	188	
Elevtal pr 1.1.19	40	96	106	177	160	

Tab2: Elevtal, lærarar og skular

Vurdering

Det er eit mål for Radøy å ha ein tilfredsstillande lærartettleik, dvs. at det ikkje vert for mange elevar pr lærar. Med gjennomgåande små skular vil dette vera ein naturleg konsekvens. Stortinget vedtok i budsjettforhandlingane ein «lærarnorm». Dette har ført til ein auke på 1,2 årsverk på Hordabø - og 0,1 årsverk på Manger skule.

Læringsmiljø 7. trinn og 10. trinn

Elevundersøkinga er gjennomført i november og desember 2018. Resultata i elevundersøkinga vert gitt i talindikatorar frå 1 - 5. 1 er lågast verdi og 5 er høgaste verdi. Med bakgrunn i dette ser ein liten eller ingen skilnad for Radøy i forhold til samanlikningsgruppene. Vi skårar om lag på snittet med resten av landet på dei fleste indikatorene. 10. trinn skårar meir enn 0,3, som er eit standardavvik

betre enn det nasjonale snittet på elevdemokrati, felles reglar, fagleg utfordring og utdanning og yrkesrettlegg. Det er verd å merke at dei nasjonale tala for 2018 først kjem 29. januar, slik at det kan vera små endringar i nasjonalt snitt.

Elevundersøkinga 2018

	Radøy ungdomsskule - 10. trinn (Haust 2018)	Nasjonalt - 10. trinn (Haust 2017)	Radøy kommune - 7. trinn (Haust 2018)	Nasjonalt - 7. trinn (Haust 2017)
Trivsel	4,2	4,1	4,3	4,3
Støtte frå lærer	4,1	4	4,4	4,4
Støtte heimefrå	4,2	4,1	4,4	4,4
Vurdering for læring	3,4	3,3	3,9	3,9
Læringskultur	3,9	3,8	4,1	4,1
Mestring	4,0	3,9	4	4,1
Motivasjon	3,4	3,5	3,9	3,9
Elevdemokrati og medverking	3,7	3,3	3,8	3,8
Felles reglar	4,2	3,9	4,5	4,3
Mobbet av andre elever på skolen	4,9	4,7	4,8	4,7
Faglig utfordring	3,9	3	4	3,5
Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)	4,3	3,8	-	-
Praktisk opplæring	3	3	-	-
Variert opplæring	3,5	3,6	-	-
Relevant opplæring	3,4	3,4	-	-
Innsats	3,9	3,9	4,4	4,3

Tab 3: Elevundersøkinga

Vurdering:

For både 7. og 10. trinn ser vi ein auke i dei aller fleste indikatorane frå i fjor. Der er nokre få som har marginal nedgang. Dei indikatorane med større enn 0,3 poeng endring ser vi berre på 10 trinn. Dei er:

	Haust 17	Haust 18
Støtte frå lærer	3,8	4,4
Støtte heimefrå	4	4,4
Vurdering for læring	3	3,4
Elevdemokrati	3,3	3,7
Variert opplæring	3	3,5

Tab 4: Endringar større enn 0,3 poeng.

Det er nokre tendensar som ein kan trekke fram. For 7. trinn skårar elevane nesten gjennomgåande som landsnittet. Det ser og ut som ein har lukkast med å skape felles reglar og oppfølging som er viktig for at elevane skal oppleve skulekvardagen trygg og likeverdige. For 10. trinn er det verd å

merka seg framgangen på dei fleste indikatorane frå i fjor. Trinnet rapporterer betre resultat enn landssnittet på dei fleste indikatorane. Det er kjekt å sjå at satsinga på trygge skulemiljø og nulltoleranse for krenkingar ser så langt ut til å lukkast. Indikatoren «mobba av andre elevar på skulen» skårar både 7. og 10. trinn over landssnittet, noko som vil sei mindre mobbing enn i resten av landet.

Andel elevar som har opplevd mobbing

Med ein skår på 4,8 på 7. trinn og 4,9 på 10. trinn er det svært få som rapporterer at dei vert mobba 2 -3 gongar i veka eller oftare. Nokre få seier at dei har vorte mobba ein sjeldan gong. Såleis ser det ut som ein lukkast i arbeidet for gode læringsmiljø. Dette er særst gode tal. Samtidig er haldninga i skulane at ein som vert krenka er ein for mange. Arbeidet med trygge og gode læringsmiljø er viktig. Auka fokus på dette vil vere ein viktig føresetnad for vidare læringsarbeid på skulane.

Resultat

Det er viktig når ein studerer data for Radøy å sjå resultata opp mot at det er om lag 60 elevar pr årskull som svarar kvart år. Signifikansen til marginale endringar må vegast opp mot dette. I kommunar på denne storleiken vil resultat på nasjonale prøvar variere noko med årskulla, då kvar einskild elev utgjer ein relativt stor prosentdel av sluttresultatet. Kunnskap om dei einskilde årskulla og elevane vil difor vere avgjerande når ein analyserer resultata på nasjonale prøver kvart år. Samtidig er det viktig å sjå tendensen over tid og gjera grundige analysar av resultatet og kva som kan betre opplæringa. Frå årskiftet 2018 har skuleleiinga saman med PPT og skuleeigar gjort analysar saman for å finne felles tiltak. Rådmannen har vore uroleg for at elevane har for langsam læringsprogresjon og har saman med skulane sett inn målretta tiltak. Så langt ser det ut til å gje resultat, men det er viktig å påpeike at dette er eit langsiktig arbeid, som ein først ser resultat av etter 2 til 4 år. For rådmannen er det eit mål at elevane har stabile, gode resultat, som gjer at elevane frå Radøy har dei same mogelegheitene for vidare utdanning som elevar frå resten av landet.

Nasjonale prøvar 5. trinn

Enhet: Radøy kommune					
Indikator og nøkkeltall	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Engelsk	46	48	45	49	48
Lesing	44	46	46	46	47
Regning	48	51	46	49	50

Tab 5: Resultat 5. trinn med utvikling.

Nasjonalt snitt er på 50 poeng. Eit års utvikling er på 4 poeng.





Fig 1: Grafisk utvikling 5. trinn engelsk, lesing og rekning.

Generelt om meistringsnivå

Nasjonalt er fordelinga ca 23% av elevane på nivå 1, ca 50% på nivå 2 og ca 26% på nivå 3. Det er eit mål å redusere tal elevar på nivå 1, då desse er i risikograppa for å ikkje meistre vidaregåande opplæring.

Fordeling meistringsnivå – Engelsk



Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn


Fig 2: Oversikt over fordeling på ulike meistringsnivå. Engelsk

Vurdering engelsk 5. trinn:

I engelsk har ein og hatt ei fin utvikling dei siste åra, sjølv om det er variasjon i elevgruppene frå år til år. Vi har 11% fleire elevar på nivå 1, som er lågaste nivå, enn alle referansegruppene, men vi

har og færre elevar på nivå 3. Det er likevel ein positiv tendens i engelsk.

Fordeling meistringsnivå -Lesing




Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Fig 3: Oversikt over fordeling på ulike meistringsnivå. Lesing

Vurdering lesing 5. trinn:

Det er fleire elevar på nivå 1. og færre på nivå 2 og 3 enn nasjonalt. Vi ser av resulta at der er ein marginal framgang i lesing. Det er tidleg å sei om dette er starten på ein auka lesekompetanse for elevane. Det vert viktig å auke lesekompetansen til alle elevane mot nasjonalt snitt. Vi veit at lesing er grunnlaget for korleis elevane handterer dei andre faga på skulen.

Fordeling meistringsnivå - Rekning



Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Fig 4: Oversikt over fordeling på ulike meistringsnivå. Rekning.

Vurdering rekning 5. trinn:

I rekning har elevane hatt ei fin utvikling dei seinare åra. Her liknar profilen med kor mange elevar som er på dei ulike meistringsnivåa på det nasjonale snittet. Dette er flott og det er kjekt at tendensen med bra resultat i rekning frå i fjor fortset dette året.

Nasjonale prøver ungdomstrinn

Enhet: Radøy kommune 8. trinn					
Indikator og nøkkeltall	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Engelsk	50	48	47	44 (-2)	48
Lesing	48	49	47	43 (-1)	49 (+3)
Regning	48	48	48	46 (-2)	48 (-3)

Tab 6: Oversikt over utvikling 8. trinn, engelsk, lesing og rekning. Same elevgruppe er merka med same farge i tabellen for 5.-, 8.- og 9. trinn. Tal i parentes indikerer utvikling frå 5. trinn sett mot nasjonalt snitt.

Nasjonalt snitt er på 50 poeng. Eit års utvikling er 4 poeng. Tal i parentes: minus viser mindreutvikling i forhold til nasjonalt snitt, medan pluss viser meirutvikling frå 5. trinn.




Fig 5: Grafisk framstilling av utvikling nasjonale prøvar 8. trinn, Radøy kommune.

Nasjonale prøvar 9. trinn

Indikator og nøkkeltall	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Lesing	52	50 (+2)	52 (+3)	51 (+4)	48 (+5)
Regning	51	51 (+3)	52 (+4)	51 (+3)	50 (+4)

Tab 7: Oversikt over utvikling 9. trinn, engelsk, lesing og regning. Tal i parentes indikerer utvikling frå 8. trinn sett mot nasjonalt snitt.

Dette er same prøven som 8. trinn har. Nasjonalt snitt er på 54 poeng. Eit års utvikling er 4 poeng.





Fig 6: Grafisk framstilling av utvikling nasjonale prøvar 9. trinn, Radøy kommune.

Generelt om meistringsnivå

Nasjonalt er fordelinga ca 9% av elevane på nivå 1, ca 17% på nivå 2, ca 42% på nivå 3, ca 21% på nivå 4 og ca 10% på nivå 5. Det er eit mål å redusere tal elevar på nivå 1 og 2, då desse er i risikogruppa for å ikkje meistre vidaregåande opplæring.

Fordeling meistringsnivå – Engelsk 8. trinn




Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

Fig 7: Oversikt over fordeling på ulike meistringsnivå. Engelsk

Vurdering:

Utviklinga i engelsk dei siste åra er bra, og elevane har same resultat som dei hadde i 5. trinn. Elevane har dermed hatt same progresjon som landssnittet sidan 5. trinn. Vi har framleis for mange elevar på nivå 1 og 2. Samanlikna med landssnittet er det ca 11% fleire elevar på dei to lågaste nivå. Det er eit mål å heva denne gruppa mot nivå 3.

Fordeling meistringsnivå – Lesing 8. trinn



Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn


Fig

8: Oversikt over fordeling på ulike meistringsnivå. Lesing.

Vurdering:

I lesing ser vi at det er færre elevar på nivå 1, 4, og 5 enn landssnittet. Det er ei stor gruppe på 19% fleire elevar på nivå 3 enn snittet for landet. At det er 6% færre på dei to lågaste nivå er særskjelt. Snittet på elevgruppa ligg tett opp mot nasjonalt snitt. Det er vidare større framgang i lesing enn det som snittet på landet har frå 5. til 8. trinn for desse elevane. Gruppa har 3 poeng framgang meir enn venta, noko som tilsvarer ¼ års utvikling.

Fordeling meistringsnivå – Rekning 8. trinn



Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

Fig 9: Oversikt over fordeling på ulike meistringsnivå. Rekning.

Vurdering:

I rekning ser vi at det er fleire elevar på nivå 1 enn landssnittet. På nivå 2 og 4 ligg vi rett over snittet for landet og på nivå 3 og 5 har vi litt færre enn landssnittet. Det er vidare mindre framgang i rekning enn det som snittet på landet har frå 5. til 8. trinn for desse elevane. Gruppa har 3 poeng mindre framgang enn venta, noko som tilsvarar $\frac{3}{4}$ års utvikling. Skulane gjer si vurdering av kvifor vi har dette resultatet og set inn tiltak.

Fordeling av meistringsnivå – Lesing 9. trinn




Fig 10: Oversikt over fordeling på ulike meistringsnivå. Lesing.

Vurdering:

I lesing ser vi ein stor framgang frå resultatet i fjor. Det er ein nedgang i elevar på nivå 1 og 2 på 11% frå 8. trinn. Dette viser at utviklinga vert snudd og elevane har større læringsprogresjon enn forventa i lesing frå 8. til 9. trinn. Elevane hadde særst låge resultat i 8. trinn, det er difor spesielt kjekt at framgangen er så god.

Fordeling meistringsnivå -Rekning 9. trinn




Fig 11: Oversikt over fordeling på ulike meistringsnivå. Rekning.

Vurdering:

Framgangen frå 8.- til 9. trinn er same som det nasjonale snittet. Vi ser at det er færre elevar på nivå 1, 4, og 5 enn nasjonalt. Det er ei stor gruppe på nivå 2 og 3. Det er positivt at skulen har auka læringstrykket for elevgruppa og at fleire opplever auka meistring og læring.

Generelt om prøvane:

På ungdomstrinnet ser vi litt varierende resultat dei siste åra. Det er viktig å ha klart for seg at testinga vert utført om hausten i 8. klasse. Arbeidet med å styrka desse resultatane må såleis setjast inn på mellomsteget i barneskulen. Vi ser ein tendens at resultatane er varierende, med variasjon mellom barneskulane. Kva som ligg til grunn for resultatane er skulane i ferd med å analysere. Arbeidet med elevgruppa på ungdomstrinnet vert viktig. Ser vi resultatane opp mot elevundersøkinga i - 18 har rådmannen merka seg at elevane rapporterer om auka motivasjon, læringskultur og meistring. Dette vert viktige faktorar i det vidare arbeidet på ungdomstrinnet saman med lærarar, elevar og føresette. Det er viktig at både skule og heim har forventningar til elevane og at ein saman støttar elevane i læringa. Dersom omgivingane har manglande forventningar vil det vere skadeleg for eleven si læring.

Motivasjonsslitasje kan utgjere eit personleg læringshinder for ein del av desse elevane. God tilrettelegging av læringsopplegget for elevar som slit fagleg, kan vere ein god måte å betre læringsutbyttet på. Føresetnadene er likevel at skulen greier å motivere eleven til å gjere den innsatsen som trengs.

Grunnskulepoeng

	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Grunnskulepoeng, Nasjonalt	40,1	40,4	40,8	41,2	41,4	41,8
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt Radøy	39,9	40,0	40,9	41,6	40,5	42
Grunnskulepoeng jenter Radøy	43,0	42,1	42,1	43,7	43,4	44
Grunnskulepoeng, jenter nasjonalt	42,1	42,5	43,0	43,4	43,7	44,1
Grunnskulepoeng, gutter Radøy	37,5	37,8	39,4	39,3	37,1	39,7
Grunnskulepoeng, gutter nasjonalt	38,1	38,5	38,6	39,0	39,2	39,6

Tab 8: Samanheng mellom grunnskulepoeng nasjonalt, Radøy og mellom kjønn

Vurdering:

Resultat: karakterar

Det ligg i evalueringa sin natur at ein ikkje får ei lik vurdering frå skule til skule eller landsdel til landsdel. Det er også naturleg at ein finn skilnader m.o.t. standpunktkarakter og eksamenskarakter i same fag. Dette fordi standpunkt er basert på ein breiare og djupare kunnskap om eleven sin kompetanse enn kva ein "uniformert" eksamen kan avsløre. Dersom skilnadane er store og

vedvarande, bør ein stille spørsmål ved vurderingspraksisen. Ein vanleg tendens på landsbasis er at snittkarakterane på standpunkt er høgare enn på eksamen.

Grunnskulepoeng:

Radøy ungdomsskule har laga eit system for vurdering som skal ivareta krava i føresegnene, og syte for ein relevant kvalitet i vurderinga. Dette er viktig for å bidra til at alle som deltar i læringsarbeidet, skal ha mest mogeleg lik forståing av kva kompetansevurdering er - og kva krav føresegnene set til slik vurdering.

Vi skal vere obs på at grunnskulepoenga er rekna ut på gjennomsnittet av standpunkt x 10. Dersom det skulle vere relevant å samanlikne desse poenga, burde ein vere trygg på at det er ein lik vurderingskultur på alle skular og kommunar. Det er grunn til å tenkje at der er variasjon i karaktersetjing mellom lærarar og skular - og då kan ein sjølvstilt stille spørsmål ved nytten av slik direkte samanlikning. Det kan likevel vere av ein viss verdi å sjå seg sjølv opp mot andre relevante kommunar, i forhold til om ein har store avvik den eine eller den andre vegen. Store avvik kan vere eit teikn på at ein må sjå på og evaluere eigen vurderingspraksis.

Sett over tid ligg Radøy ganske så stabilt når det gjeld grunnskulepoeng. Utviklinga frå 2011-2018 viser ein gradvis auke for Radøy-elevane, sjølv om det er ein liten tilbakegang våren -17. Både jentene og gutane presterer som snittet nasjonalt siste år. Rådmannen er framleis uroleg for det store gapet i grunnskulepoeng mellom gutar og jenter. Dette startar tidleg i opplæringsløpet og dette må ein finna tiltak som kompenserer.

Målsetjingar for det vidare arbeidet:

Skulane evaluerer resultatata på skulenivå og klassenivå. Rådmannen gjer ei grundig analyse for å finna dei rette tiltak for det vidare læringsarbeidet. Skulane har saman med rådmannen sett desse målsetjingane:

- 5. trinn skal i 2020 ha mål om 50 poeng på nasjonale prøvar.
- Utvikling på nasjonale prøvar frå 5. til 8. trinn skal følgje nasjonalt snitt.
- Utvikling på nasjonale prøvar frå 8. til 9. trinn skal vere på 4 poeng.
- Ein skal innan 2022 løfte resultatet på grunnskulepoeng for gutane til 40 poeng i snitt.

Skulane arbeider systematisk med opplæringa for å ha realistiske, men ambisiøse forventningar til elevane.

Gjennomføring vidaregåande opplæring

Vurdering:

Grunna fylkessamanslåinga har kommunen fått melding frå fylket om at dei ikkje har kapasitet til å lage statistikkar på gjennomføring i vidaregåande opplæring. Vi veit likevel at nær alle elevane går over i vidaregåande opplæring etter grunnskulen.

Tidleg innsats

Føremålet med tilskotsordninga «tidleg innsats i skolen gjennom auka lærarinnsats på 1.-4. trinn»,

var å setje kommunane i stand til å auke lærartettleiken på 1.-4. trinn. Til dette fekk Radøy kommune 1 241 825.- kr i 2018. Frå hausten av vart delar av midlane bunde opp til «lærarnorma», noko som førte til i styrking av i hovudsak Hordabø skule. Midlane er brukt etter intensjonen. Resultatet av desse midlane vil ein sjå resultatet av etter nokre år. Ein veit at dersom ein kan setje inn tiltak tidleg på elevar som er lesesvake, vil dei ha effekt av dette seinare i opplæringsløpet. Tiltaket er med å førebyggje spesialundervisning seinare.

Spesialundervisning

År	Tal elevar med vedtak	Prosent av samla elevtal	Endring frå førre år
16/17	66 elevar	10,65%	
17/18	72 elevar	12%	+ 1,35%
18/19	74 elevar	12,67	+ 0,67%

Det er viktig at elevar som ikkje har tilfredstillande utbyte av ordinær opplæring får målretta hjelp. Dette må sjåast i samanheng med korleis ein kan få mest mogeleg hjelp innanfor det ordinære tilbodet. Skulane arbeider målretta for at elevane skal ha best mogeleg læring.

Det er viktig å få fram at ein ønskjer at elevane skal få god hjelp tidleg, slik at dei opplever meistring. I løpet av våren vil rådmannen, PPT og skuleleiarane sjå på tiltak for å styrkje den ordinære opplæringa framfor å få fleire elevar på spesialundervisning. Det kjem stadig forskning som støttar at dei fleste elevar lærer best i lag med medelevar i klassen dei høyrer til. Det bør vera eit mål å redusere tal elevar på vedtak om spesialundervisning framfor å auke dette talet.

Skulefritidsordning – tal elevar

Totalt er det i skuleåret 18/19 102 barn som får tilbod om SFO, noko som er 5 færre enn året før. Storleiken på tilbodet varierer frå 12 til 42 barn. SFO er oppteken av balansen mellom barna si fritid og at dei har eit tilbod med lek og utvikling under tilsyn.

Vidareutdanning for lærar

Radøy kommune har i skuleåret 18/19 fem lærarar på vidareutdanning. Året før var det like mange. Dette er ein del av Utdanningsdirektoratet si satsing «Saman for kvalitet». Målet er at vidareutdanninga skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnsopplæringa for å styrkje elevane si læring. Dette er eit positivt tiltak for kvaliteten i skulen. Det er eit mål å auke talet neste skuleår, slik at vi kan stette nye kompetansekrav frå 2024.

Vaksenopplæringa

Radøy kommune kjøper dette tilbodet av Lindås kommune, som har tilbod om både grunnskule for vaksne og norskopplæring for innvandrarar.

Lindås Vaksenopplæring gav norskundervisning til vaksne innvandrarar heimehøyrande i Radøy kommune og grunnskuleundervisning for vaksne i «det blå bygget» (GECO-bygget).

Lindås Vaksenopplæring gjev tilbod til alle innvandrarar busett i Lindås, Meland og Radøy. Elevar frå andre kommunar enn desse tre, får tilbod dersom kommunen dei bur i ikkje kan gje tilsvarande tilbod. Deltakarar (busett i andre kommunar) kan velje å gå på skule i Knarvik, om dei sjølv betaler for undervisninga uavhengig av rettigheter.

Lindås vaksenopplæring har både dag- og kveldsundervisning.

Grunnskuleopplæring for vaksne

Personar over 16 år som ikkje har fullført grunnskule, tilsvarande 10-årig norsk grunnskule, har rett på gratis grunnskuleopplæring.

Elevane har 30 skuletimar i veka, og dei har opplæring i 5 fag (norsk, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag). Målet er å gjennomføre ungdomsskulepensum på to år.

Undervisninga er tilpassa forkunnskapen til elevane, som kan variera frå analfabet til god allmennekunnskap, men manglande norskkunnskapar. Det er derfor to løp:

Førebunde grunnskule er opplæring med pensum frå barnetrinnet. Dei får ofte opplæring i engelsk, matematikk og ikt i kombinasjon med norskopplæring.

Eksamensretta grunnskule: eit løp på to år med faga norsk, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag (ungdomsskulepensum). Dei tek grunnskuleeksamen og får vitnemål.

Norskopplæring for vaksne innvandrarar

Vaksne innvandrarar er delt i to grupper i forhold til norskopplæring. Den eine gruppa er flyktingar i introduksjonsprogram og innvandrarar som får familiegjenforening med norske statsborgarar. Dei har rett og plikt til opplæring:

Plikta er på 550 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap. Dei kan ha rett på inntil 3000 timar ved behov.

Den andre gruppa er personar som kjem til Noreg fordi dei har arbeid her. Desse har plikt til 250 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap

Arbeidsinnvandrarar frå EU-land må betale for norskopplæringa sjølv. Tabellen under viser kor mange som er busett i Radøy som har nytta tilbodet siste 3 halvår.

	Haust 2017		Vår 2018		Haust 2018	
Type opplæring	Norsk	Grunnskule	Norsk	Grunnskule	Norsk	Grunnskule
Tal	71	8	47	3	39	1

Tab 9: Tal elevar med særskild norskopplæring og grunnskule for vaksne.

Tilsyn:

Hausten 2018 fekk kommunen papirtilsyn frå fylkesmannen. Tema var fritak frå nasjonale prøvar hausten 2017. Hordabø skule og Radøy ungdomsskule var med i tilsynet.

Fylkesmannen sin konklusjon

Radøy kommune har meldt opp alle elevane på det aktuelle trinnet i PAS.

Kommunen sikrar også at det blir skrive enkeltvedtak for dei elevane som er fritatt.

Skulane si avgjerd om fritak er gjort skriftleg. Det går klart fram av vedtaka kva prøve/prøvar avgjerda om fritak gjeld.

Enkeltvedtak om avslag på søknad om fritak inneheld ei grunngjeving der det vert vist til:

- heimel for enkeltvedtaket
- faktiske tilhøve som er lagt til grunn
- hovudomsyn som har vore avgjerande ved utøving av forvaltningskjønn

Radøy kommune har rutinar for å gi elevar som er fråverande på prøvedagen høve til å ta prøve ein annan dag i prøveperioden.

Tilsynet avdekka ingen lovbrøt.

Avslutningsord:

Tilstandsrapporten må sjåast på som ei løypemelding inn mot det utviklingsarbeidet som kommunen har sett i gang.

Vi har gjort elevundersøkinga obligatorisk for alle elevar i kommunen frå 5. - 10. trinn kvart år, for å få eit breiare vurderingsgrunnlag. Pr i dag er elevundersøkinga berre obligatorisk for 7. og 10. årstrinn i alle kommunar, medan det er valfritt å ta med dei andre trinna frå 5. - 10. trinn.

Når ein jobbar med kvalitetsutvikling i skulen, vil det vere viktig å analysere data og resultat på ein grundig og systematisk måte, både kommunen sett under eitt og på kvar ein skule. I den vidare prosessen med rapporten er følgjande spørsmål viktige å avklare:

- Kan resultatata forklarast med utgangspunkt i måten vi jobbar på?
- Kan resultatata forklarast med utgangspunkt i det vi ikkje gjer?
- Korleis kan føresette, politikarar og tilsette saman løfte resultatata i skulen?

Betre resultat i Radøyskulen i framtida handlar om:

- Systematisk, metodisk, grundig og planlagt arbeid over tid.
- Tydelege og realistiske forventningar til elevar, føresette og tilsette i skulane.
- Tiltak basert på forskning, kunnskap og evidens.
- Systemiske prosessar i lærande organisasjonar.
- Kommunikasjon og tillit
- Godt leiarskap

I det vidare arbeidet med kvalitetsutvikling i Radøyskulen ser ein for seg 3 fokusområde:

- Grunnleggjande dugleik i lesing
- Gode læringsmiljø for alle
- Innføring av ny læreplan for grunnopplæringa

Vi ser teikn til at resultatata er i betring. Det er felles fokus frå helsestasjon, barnehagane og skule om å auke språk- og lesekompetansen til barn og elevar. Rådmannen ser at skulane arbeider systematisk og grundig med læringsarbeidet. Sidan det er relativt få elevar i Radøy må vi vente at resultatata vil variere. Det er likevel viktig å sjå på tendensar over tid og arbeide målretta etter det. Vi ser betring i nokre av indikatorane for resultat i opplæringa, noko som er gledeleg. For skulane handlar dette om langsiktig og hardt arbeid.

Radøy skal auke resultatata i forhold til indikatorane i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet der kartleggingsprøvar 1. og 3. trinn, nasjonale prøvar, grunnskulepoeng, eksamensresultat, elevundersøkinga, statleg tilsyn og internasjonale undersøkingar, er med.

Tilstandsrapporten inneheld mykje data og teljingar. Desse må sjåast i samanheng med forteljingar som ikkje alltid kan teljast. Ser ein dette i samanheng vil ein sjå heilskapen på ein betre måte. Vi veit at mange av elevane våre presterer godt innanfor idrett, song og kultur. Dette er styrkar som opplæringa har vore med å gje eit bidrag til. Dess fleire elevar som meistrar innanfor ulike felt, jo større sjanse har dei for å meistre liva sine. Meistring er viktig, saman med motivasjon og evne til å leie eigen læring.

Dette er viktig fordi det dannar grunnlag for elevane sine liv. Det er viktig at elevane meistrar sosialt og fagleg og dermed vert rusta for livet vidare på skule, arbeid og heim.